



# DEN NORSKE KYRKJA

## Forsand kyrkjelyd

Fossanvegen 380  
4110 FORSAND  
Tlf: 51700170  
Faks:

Kulturdepartementet  
kyrkjeavdelinga  
Postboks 8004 dep  
0030 OSLO

Forsand 04.09.2014

Vår sakhandsamar: Siv Fossan  
Vår ref.: 14/00014-003  
Arkivkode: 008

### Høyring NOU-2014: 2 Lik og Likskap

Forsand sokneråd behandla denne saka i møte 02.09.14, sak 28/14 og vedtok desse innspela til NOU-2014:2 Lik og Likskap:

#### Kistegravlegging og kremasjon blir økonomisk og juridisk likestilt

Det er naturleg at begge gravleggingsformer blir likestilt. Det vil vera eit gode for brukarane, forutan at det òg kan løysa arealproblem viss fleire ønskjer kremasjon.

For at dette ikkje skal få store økonomiske vanskar for særskilt små fellesrådsområde er det viktig at tilskotet frå kommunane blir auka tilsvarende. I distrikta kan ein få auka utgifter til transport, og ein ser ikkje for seg at det er noko alternativ med desentralisert krematoriestruktur.

#### Gravlegging i annan kommune.

Godt tilbod til brukarane. Det vil vera viktig å at det følgjer midlar med her. Ofte vil det vera landsens fellesrådsområde som får utanbygds gravferder. Det er vanskeleg å vita kor mykje ein skal setja av i budsjettet, og det kan gi store uforutsette utgifter.

#### Endring av avgift for feste av grav.

Lik betalingsfri periode for alle graver er eit godt forslag. At betalingsfri periode blir 20 år uansett kor lang fredningstid det er for eit gravfelt, kan vera ei god løysing. Då blir det likt i alle fellesrådsområde.

#### Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet

Sluttar oss til utvalet si innstilling, men viktig at rapporteringa blir enkel å utføra slik at det ikkje blir for tidkrevande.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er viktig at det følgjer økonomiske ressursar med dei nye ordningane. Små fellesråd i distrikta vil særleg få utfordringar her og må få auka tilførsel av midlar. For eksempel vil utgifter til kremasjon og transport aukast over tid pga fleire kremasjonar. Det bør lagast ei ordning med at kommunane betalar dette.


#### Forslag som utvalet vurderer og vera på sida av mandatet:

##### Oskespreiing

- Utvalet vil flytte ansvar for godkjenning frå Fylkesmannen til Fellesrådet. Viss dette skal endrast må regelverket vera enkelt og tydeleg for å hindra lokale konflikter.

- Utvalet foreslår at det skal opnast for oskespreiing på gravplass. Dette ønskjer me ikkje. Slik spreiing bør framleis skje på aude stader til fjells, til havs eller til vanns og plassar det ikkje er til sjenanse for andre
- Overføring av gravleigeavtalar når graveigar dør
- I gjeldande gravferdslov er det dødsbuett som skal gi melding om kven som skal overta gravleigeavtalar som den døde var ansvarlig for. I praksis er dette vanskeleg og handheva. Det er fornuftig å flytta dette ansvaret til den som sørger for gravferda.

Venleg helsing



Siv Fossan  
kyrkjeverge